


3.14 Jostefonni

Topografi og landskapsformer


Jostefonni er ein platåbre med fleire brekuplar og som dekkjer et areal på 11 km² (fig. 3.14.1). Breen er den 30. største i Noreg. Det høgaste området på breen ligg i SV (Sunnfjordbjørnen, 1615 moh.). Rundt breen er det fleire mindre utløpsbrear, der utløpsbreen mot Jølstrabotnen i nordaust er den største.



Figur 3.14.1 Topografisk kart over Jostefonni og områda rundt. Den grøne streken markerer grensa for nasjonalparken. Kart: norgeskart.no.

Lausmassekart og jordartsfordeling

Figur 3.14.2 syner eit lausmassekart over områda rundt Jostefonni. Rundt breen er det fleire mindre område med morenemateriale og under fjellsrentar og bratte fjellparti er det avsett skredmateriale. Det er få moreneryggar frå ‘den vesle istida’, så det er derfor vanskeleg å rekonstruere breen si utbreiing i tidlegare tider.



Figur 3.14.2. Lausmassekart over området rundt Jostefonni.

Verdivurdering

Rundt Jostefonni er det ikke påvist geologiske avsetninger eller område av spesiell geologisk eller vitskapleg verdi.